

Til elevar og føresette

Informasjon og samtykkeskjema til vaksinasjon mot meslingar, kuma og raude hundar (MMR-vaksine)

I det nasjonale barnevaksinasjonsprogrammet får elevar i 6. klasse (11–12 år) tilbod om ein oppfriskingsdose av vaksine mot virussjukdomane meslingar, kuma og raude hundar (MMR-vaksine). Første dose blir vanlegvis gitt når barnet er 15 månader. For å sikre godt vern på lang sikt gir ein no tilbod om oppfriskingsdose.

Om sjukdomane

Meslingar er den alvorlegaste og mest smittsame av barnesjukdomane. Sjukdomen begynner med forkjølingssymptom og høg feber, etterfølgt av utslett. Meslingar fører ofte med seg komplikasjonar som lungebetennelse, bronkitt og mellomøyrebetennelse. Alvorlege følgjer som hjernebetennelse (encefalitt), varig hjerneskade og dødsfall ser vi blant uvaksinerte også i vår del av verda.

Kuma gir feber og heving i øyrespyttkjertlane. Den vanlegaste komplikasjonen er kumahjernehinnebetennelse (meningitt), som oftast går over utan varige skadar. Ein meir alvorleg komplikasjon er varig dövheit. Dersom gutar får kuma etter puberteten, kan viruset gå til åtak på testiklane og føre til nedsett fruktbarheit.

Raude hundar er ein mild sjukdom med feber og utslett. Dersom ei gravid kvinne som ikkje er immun, blir smitta med raude hundar, kan sjukdomen føre til alvorlege skadar hos fosteret. Risikoen for misdanningar er på over 80 % ved sjukdom i første del av svangerskapet. Ved å vaksinere barn hindrar ein smitte til gravide.

Om vaksinen

Vaksinen som blir brukt, heiter Priorix og består av levande, svekte virus. Dei vanlegaste biverknadane er kortvarige smerter, raud hud og heving på stikkstaden. Ei til to veker etter vaksinasjonen kan nokre barn få lette symptom på dei sjukdomane vaksinen vernar mot, men dette er uvanleg hos dei som har fått ein dose tidlegare. Vanlegast er feber og utslett. Meir informasjon om innhaldsstoff og eventuelle biverknader etter Priorix finst på nettsidene til Direktoratet for medisinske produkter: www.legemiddelsok.no

Før vaksinasjon – hugs å informere helsesjukepleiar

Gi beskjed om barnet har immunsvikt eller bruker medisinar som påverkar immunforsvaret. Gi også beskjed om barnet har allergi eller tidlegare har hatt alvorleg allergisk reaksjon (uansett årsak). Viss barnet får allergivaksine (hyposensibilisering) eller har fått annan vaksine dei siste 4 vekene, gi beskjed til helsesjukepleiar.

Samtykkeskjemaet skal fyllast ut og leverast til helsesjukepleiar. For vaksiner i barnevaksinasjonsprogrammet er det tilstrekkeleg med samtykke frå ein av foreldra, eller andre som har foreldreansvar (Lov om pasient- og brukerrettigheter §4-4).

Vaksinasjonen er planlagt:

Dato:	Stad:
Helsesjukepleiar:	Telefonnummer:

Svarslipp for samtykke til foreldre/foresatte

Elev: _____ Fødselsdato: _____ Klasse: _____

Eg/vi ønskjer at barnet mitt/vårt skal vaksinerast mot meslingar, kusma og raude hundar:

Ja

Nei

Føresett/annen person med foreldreansvar (skriv tydeleg):

Navn: _____

Underskrift: _____ Telefonnummer: _____

Relevant helseinformasjon om barnet:

--

All informasjon finn du på fhi.no

All informasjon om vaksinasjon mot meslingar, kusma og raude hundar finn du på våre nettsider:

www.fhi.no/bvp/mmr

